

Saksframlegg

Saksnr

Utval

Møtedato

Komit  for n ring, milj  og kultur

AVTALE MED NY LEIGESATS FOR UTLEIGE AV SKULEBYGG I HELGAR/OVERNATTING

Framlegg til vedtak:

Komit  for n ring, milj  og kultur vedtek f lgjande:

- Avtale med ny leigesats for utleige av skulebygg i helgar/overnatting
- Avtalen m  sendast som orientering til aktuelle lag og organisasjonar

Rådmannen, 21.11.2008

Dokumentoversyn

Trykte vedlegg:

1. Protokoll vedk. utleige av skulane i helgane/overnatting, datert 08.01.1996
2. Presisering av avtalen, datert 05.01.1998
3. Ny avtale, datert den 21.11.08.

Utrykte vedlegg:

1. Utsending av saka på intern høyring, datert 10.11.08
2. Uttale frå John Karsten Raunholm, datert 19.11.08
3. Uttale frå Claus Junger, datert 20.11.08

Bakgrunn / faktisk opplysningar

Med bakgrunn i at det er lenge sida leigesatsane vart auka har Tekniske tenester i samarbeid med John Karstein Raunholm og Claus Junger, som representantar for rektorane, utarbeidd forslag til ny avtale med ny leigesats.

Leigesatsen som gjeld i dag er frå 1996/98 og er på langt nær nok til å dekke dei faktiske utgiftene som skulane og Tekniske tenester har i samband med utleige (vedlegg 1 og 2).

I den samanheng er det utarbeidd ny avtale med ny leigesats (vedlegg 3).

Uttale

Saka har vore sendt på uttale til alle rektorane, fagforbundet og utdanningsforbundet.

I den samanheng er det motteke uttale frå rektor Liv Skjønberg, John Karsten Raunholm og Claus Junger som alle er samde i forslaget. Ut over dette har følgjande utfyllande opplysningar i saka.

John Karsten Raunholm viser til følgjande:

- *"Denne satsen har vore uendra i mange år. Det er derfor ikkje urimeleg å heva den til kr 50. Kan nemna at Breimyra ungdomsskule i Bergen tek kr 50. Var på vitjing til Skåredalen ungdomsskule i Haugesund for nokre veker sidan. Rektoren der arbeidde no med eit dokument om utleige. Han ville gå inn for 50 kr natta.*
- *I det nye utkastet var me samde om å heva administrasjonskostnadane til rektor frå kr 2 til kr 5 pr natt. Dette meiner eg kan forsvarast. Det er ein del arbeid ved utleige. Du må ha kontakt med dei som skal leiga, ut med nøklar, av med alarm, inn med nøklar, på med alarm. Sist helg når eg hadde utleige var eg ein tur om laurdagskvelden kl. 23.00 for å skifta ein sikring. Dette tek eg ingenting for. Skulle eg kontakta vakttelefonen til TET så ville det kosta kr 1500,- og inntekta for heile utleiga ville blitt negativ.*
- *Ynskjer vidare å forsvare at utanom dei kr 5 som går til rektor så går kr 20 går til skulen Det er personalet som må førebu overnattinga. Alt av verdi må låsast inn. Krit, høytafonar, cd spelarar m.m. Hyller må snuast mot vegg. Datatraller må inn på grupperom m.m. I tillegg forsvinn det stundom enkeltgjensandar og bøker. Ovanfor personalet er eg tydeleg på at som kompensasjon for dette arbeidet får de ein del velferdsgodar. T.d snittar og kaker til jul og til sommaren."*

Claus Junger sluttar seg til ovannemnde og føyar til mellom anna følgjande:

- *"I mange høve er utstyr og materiell øydelagd. Det trengst pengar for å erstatta dette. Eg vil og minna om at utleigereglane inneheld ein avtale om kompensasjon til den som har ansvar for utleiga rektor/eller den han delegerer arbeidet til. Denne avtalen vart i si tid inngått med lærarorganisasjonen. Dette betyr at Utdanningsforbundet må på banen når det gjeld denne biten.*

Vidare er det verd å merka seg at framlegget til nye utleigereglar gjev skulane eit dårlegare økonomisk bidrag i høve dei gamle reglane, ikkje betre som nokon hevdar. "

Det ligg ikkje føre uttale frå fagforbundet og utdanningsforbundet.

Med bakgrunn i uttaler frå rektorane er pkt. 2 i forslag til leigeavtale justert slik at kompensasjon for rektor og skulen vert spesifisert.

Ut frå at utdanningsforbundet ikkje har kome med uttale har rådmannen vurdert dette slik at dei sluttar seg til forslaget og føreset at dei inngår avtale på vegne av skulane.

Vurdering

Ut frå gjeldande avtale har skulane kravd inn kr. 30,- pr. person for kvart overnattingsdøgn til dekking av utgiftene.

Erfaring dei siste åra har vist at utleige av skulane har ført til auka arbeidsbelastning for skulane.

For å dekkja inn dette har ein no valt ei fordeling av inntektene som vil syte for at leigeinntektene dekker inn administrasjonsarbeid, ekstraarbeid for personalet og ymse utgifter for skulen (t.d. slitasje og evt. skade på inventar, utstyr, materiell).

Noko som ytterlegare vert utdjupa i uttalane frå ovannemnde rektorar.

For å dekkja inn utgifter til drift, vedlikehald og straum (ljøs og varme) av bygningane må Tekniske tenester, som forvaltar av byggene, ha naudsynt inntekter. Det er difor naturleg at dei som nyttar bygget til overnatting også dekker desse ekstra kostnadene.

I tillegg har erfaring vist at det svært ofte er naudsynt med ekstra vasking av dei romma som har vore leigd ut.

Ut frå dette og prisauken, som har vore i dei siste åra, er det difor naturleg å auke satsen til kr. 50,- pr. person for kvart overnattingsdøgn.

Rådmannen meiner leigesatsane til ein kvar tid må vere slik at dei faktiske utgiftene for skulane og byggforvaltar vert dekkja.

Ut frå ovannemnde er rådmannen av den oppfatning at det no ligg føre akseptable leigesatsar for overnatting på skulane også sett i forhold til skular i andre kommunar, jf. ovannemnde uttaler.

I tillegg er rådmannen samd med at det no er ei rimeleg fordeling av inntektene mellom skulane og tekniske tenester.

I kommunen er det av og til større arrangement med overnatting på fleire skular, som t.d. handballfestivalen. Avtalen bør difor sendast som orientering til lag og organisasjonar då auken i leigesatsen for overnatting vil kunne ha verknad for desse.

Konklusjon

Ut frå ovannemnde rår Rådmannen til at avtalen vert godkjend med førestått leigesats og føreset i den samanheng at Utdanningsforbundet inngår avtale på vegne av skulane.

Med bakgrunn i at avtalen også vedkjem andre rår Rådmannen til at avtalen vert sendt som orientering til aktuelle lag og organisasjonar.

Framlegg til vedtak

Komité for næring, miljø og kultur vedtek følgjande:

- Avtale med ny leigesats for utleige av skulebygg i helgar/overnatting
- Avtalen må sendast som orientering til aktuelle lag og organisasjonar